

Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2009
Utgjeve av Os Mållag
25. årgang



I dette nummeret kan du lese om:

Stemningsrapport
frå skulptursymposiet
s. 4



Tarzan
– mannen og
mytane s. 9



Per Kristian Hægland
- festivalgeneralen
s. 13



Ole Reinert
Berg-Olsen
s. 23



Osingen

Utgjeve av Os Mållag

Innhald

Til lesaren.....s.	2
Ein vestlending.....s.	3
Stemningsrapport frå Skulptursymposium 2009s.	4-7
Vårløysings.	8
Tarzan - mannen og mytanes.	9-12
Per Kristian Hægland - festivalgeneralen.....s.	13-15
Barnesider.....s.	16-17
Di fleste snakka sånn så meg.....s.	18-22
Ole Reinert Berg-Olsen - osing med "spelemannspris"s.	23-25
Staten og vi.....s.	26-27
Hundre år med nynorsks.	28-29
Raudt håp i det kvite.....s.	30-31

Pris kr. 50,-

Foto framside: Hildegun Nordstrønen

Til lesaren

Velkomen til Os mållag sitt 25. årsskift av Oasingen!

I år inviterer me til mykje energi, skaparglede og fantasi, saman med historiske tilbakeblikk på nynorsk, dialekt og barnelitteratur.

Kulturlivet blømer i bygda vår, og det vitnar om overskot og livskraft. Bak arrangementa finn ein både einskildpersonar og grupper som evnar å bruka kreftene sine til å skapa gode opplevingar for andre. Oasingen har vore gjest og fanga opp stemningar frå Skulptursymposiet på solfylde junidagar med internasjonalt preg.

Anders Hauge formidlar gjenkjennande opplevingar frå ein barndom der litteraturen stod sentralt. Gled dykk til ei levande og interessant skildring av Tarzan, atleten som svinga seg fryktlaust gjennom jungelen, og kva denne helten får fram i ein pode som les!

Os blues- og jazzfestival er for lengst vorte eit populært innslag i kulturlivet på Os rundt midtsommar. Me er stolte over å kunna presentera eit intervju med ei viktig drivkraft bak festivalen, Per Kristian Hægland.

I møtet mellom menneske har språket stor påverknad. Oasingen Reidunn Hernes har skrive doktorgradavhandling om talemålsutviklinga hjå ungdommar i Os, og i dette bladet kan du gleda deg til ein svært interessant og lærerik artikkel!

For hundre år sidan fekk Os sin fyrste skule med vedtak om at den skriftlege undervisninga skulle gjevast på nynorsk. Åsmund Lien gjev oss eit artig tilbakeblikk. Litt om det spanande livet til spelemannsprisvinnaren Orbo frå Os få du òg, medan kunstnaren Jan Haaland prydar bladet med flotte illustrasjonar.

Det ligg mykje energi i eit kort, men sterkt menneskemøte. Dette får ein ta del i gjennom novella til Lene N. Torgersen frå Os gymnas!

"Du er aleine menneske om lukka di", skreiv Bernt Kristiansen. Me er glade for å få dela dikt han har skrive, dikt med budskap som kan kjennast lenge etter.

Måtte vårt 25. årsskrift av Oasingen gje deg energi og livsglede!

Skriftmemnda

Barbra Røttingen

Hildegun Nordstrønen

Elfrid Moberg



Norvald Kjøbenvedt

Terje Bøthun

Foto: Tom Nordstrønen

Ein vestlending

*Ein vestlending er ikkje klein, ser du
Han er avla og alen på stein, ser du
Som ei stormpiska grein
er han krøkt- ikkje bein,
men han held ikkje det for eit mein, ser du*

*Ein vestlending er ikkje bleik, ser du
Han kan raudna i sinne og leik, ser du
Han kan drikka ein sleik
som ein sjeleleg kveik;
det gjer godt som ei presteleg preik, ser du*

*Ein vestlending elsker sin fjord, ser du.
Når han ror, er han hoving ombord, ser du.
Når han dyrkar si jord,
som er to teigar stor,
kan han kjenna misunninga gror, ser du.*

*Som småkonge bur han i vest, ser du,
og det står nok i livsens attest, ser du:
Han var seig som ein best
midt i bløyte og blæst,
men var medelmåls mann som folk flest, ser du.*




Tekst og foto: Hildegun Nordstrønen

Os Internasjonale skulptursymposium

21. juni - 4. juli 2009

Stemningsrapport frå Skulptursymposium 2009

Osøyro syner seg frå si beste side denne junikvelden. Temperaturen smusar på 30-talet og sola brenn i nakken når eg kryssar vegen over til Vognballen som er arena for Skulptursymposiet. Fjordbrisen, som elles kan vera både sur og litt irriterande, er ein ven som svarar.



Arne Mæland

Eg må leita ei stund før eg finn Arne Mæland som eg har avtalt å snakka med. Han er oppteken heile tida. Han gjer alt frå å kosta golv til svara på spørsmål frå ventande kundar. "Kan du venta 10 minuttar?" spør han. "Eg må springa på Øyro for å få tak i nytt verkty til ein av kunstnarane." Klart eg kan venta. Eg ser på karen som står der molefonken med ei daud maskin i hendene at han lyt få hjelp først. "Berre gå inn i hallen du! Snakk med folk og leik deg med dei! Ta bilete og kos deg!" Så er han borte.



Muntert møte mellom kunstnarar

Eg går inn i Vognballen. Det er som å tro inn i anna verd. Fotene går som på eit mjukt teppe av fint, grått stov. Biltrafikken susar forbi like utanfor, men det gjer liksom ikkje noko. Her inne arbeider dei side ved side, kunstnarar frå beile verda.

Det går føre seg eit tungt fysisk arbeid, bamring, bogging og boring. Det kvin frå illsinte vinkelsliparar og brummar i tyngre boremaskiner.

Dei fleste av kunstnarane er dekkja til med briller, børselvern, masker og torkler for å skåna auger, øyrer, lunger og bud.

Om eg ikkje visste betre kunne eg lett trudd at eg var komen inn i ein fabrikk der det vart framstilt delar til industrien. Om det ikkje hadde vore for steinane eg såg bli til liv mellom kunnige bender.



Renata frå Italia deltek for 4. gong

Om det ikkje var for gleden dei formidla desse inntulla, nedstova menneska som sto bøygde over marmor og granitt.

Renata Ruffilli er ei av dei første eg møter. Ho kjem frå Italia og deltek for fjerde gong på symposiet. Arbeidet hennar er i marmor. Ein mann med lange, tjukke bein. Det er mannen på fjellet, fortel ho. Han reflekterer skuggane og lyset. Dei kraftige beina er symbol på at han er i kontakt med jorda og ankra til ho. Renata let seg inspirera av fjella rundt Os med skuggar og det spesielle lyset.

Medan Renata fortel om inspirasjonen og tankane rundt skulpturen, kvin det brått frå fleire maskiner samstundes.

Vi smiler til kvarandre og stikk hovuda mykje tettare saman enn det som er vanleg og høfleg når ein motest første gong. Men ber gjer det ikkje noko. I dette motet er det viktigaste skulpturen og historia rundt den.

Arne er komen tilbake frå handleturen med ny maskin og den ulukkelege frå i stad er tilbake i arbeid.

Vi benkar oss i kaféen, det er det plasttellet ved Vognhallen vert kalla, og Arne fortel:

Det er sjette gongen det vert arrangert skulptursymposium her i Os.

Det er 10 år sidan vi starta, den gongen i Haugsnesfjøro under heilt andre tilhøve. Vi måtte setja opp telt, og arbeidstilhøva var heilt andre.



Tone Ulvedal er ei av dei mange frivillige som jobbar i kulissene under Symposiet. "Mange byggeleg menneske, god stemning og interesse for kunst gjer det kjekt å ta del i arbeidet blant anna med kafédrafta" seier Tone

Vi er svært godt nøgde med å vera her i Vognhallen.

Slike symposier er svært vanlege ute i Europa, men dei er ganske annleis enn det vi får til her heime. I utlandet har dei gjerne ein stor hovudsponsor som står for det meste.

Her gjer vi det finansielt heilt annleis. Skulpturane har kjøparar på førehand. Når symposiet er over, vert det føreteke ei loddtrekkjing blant kjøparane om kven som får velja først. Næringslivet i bygda



Ein glad amatør kallar ho seg, Toril Storebo frå Bergen

støttar oss i år blant anna med verkty og mat. Sparebanken og P.M Sælen har kjøpt 10 store og 10 små vinkelkuttarar som er heilt naudsynt verkty til den jobben som skal gjerast.



Eit hjarte tek form

Skulptursymposiet her i Os er godt kjent ute i verda, kanskje meir der enn til dømes her på vestlandet. Det er mange som vil vera med til Os!

Forma vi har vald appellerer til mange. Vi arbeider midt i sentrum med tilskodarar som gjerne kjem for å slå av ein prat. Andre liknande arrangement held gjerne til på avlukka områder der publikum ikkje har tilgang.

Det er ein flott og engasjert gjeng som står på for å få til eit vellukka arrangement, fortel Arne. Vertsfamiliiane kjenner vi godt, dei er glade både i menneske og kunst og det er ein god kombinasjon. Dei stiller opp år etter år og er ein heilt naudsynt del av Symposiet. Eg vil også nemna dei som er med på å driva



Jo Kley

kafeen her på området, seier han. Denne tenesta er vi også heilt avhengige av og det blir lagt ned mykje godt arbeid. Ein annan suksessfaktor er at symposiet går av stabelen saman med andre arrangement som Blues- og jazzfestivalen. Det gjer ei ramme av liv og aktivitet som er unik. Vi vil jo svært gjerne at Symposiet skal bety noko for lokalbefolkninga, eit samspel mellom folk flest og kunstnarane. Det å skapa opplevingar og vera saman er essensen i det heile. Arne får eit nytt hasteoppdrag og er borte att.

Skapa opplevingar saman, sa han. Er det desse mota han meiner? Menneska som står skulder ved skulder og skaper. Dei stoppar opp i arbeidet og snakkar med kvarandre og publikum.

På veg inn i hallen får eg auga på eit enkelt hjarte i italiensk marmor. Kvinna som arbeider med skulpturen presenterer seg som ein glad amatør. Eg vél aktivt å bruka hjarte som symbol, seier ho. Sjølv om mange meiner det er "oppbrukt". Ho er kursdeltakar under symposiet og er med for første gong. Toril Storebø kjem frå Bergen og har mest erfaring med leire og maling. Det er første gong ho arbeider med stein. Ho ler når ho fortel om stein som sprutar og havnar rundt på heile kroppen, både på nevenelege og uevnelege stader! Ho kan ikkje få skrytt nok av arrangørane av symposiet og dei frivilljuge som arbeider heile tida for at deltakarane skal ha det bra.

Hjartet er ikkje oppbrukt som symbol. Vi må sjolve velja kva som skal vera styrande i livet vårt! Orda frå amatoren er verd å ta med seg vidare.

Heilt i "mobergsenden" av Vognhallen møter eg Jo Kley. Jo frå Tyskland er vald til kommuneskulptør i år. Han nyttar granitt frå Sverige, ein spesiell type som heiter Vanga. Kjenneteiknet på nett denne steinen er den vakre, raude fargen og spelet mellom nyansane. "Steinen kjem frå dei gode grannane dykkar, svenskane", sier Jo med ein smil. Jo er her for andre gong og er svært nøgd med symposiet. Han held fram at Os er ein vakker stad med flott natur og at atmosfæra er avslappa og hyggjeleg. "Vi bur hos vertsfamiliar her i Os. Det er fantastisk! Dei behandlar oss som ein del av familien og legg tilhøva til rette for at vi skal ha eit godt opphald." Gruppa av kunstnarar er også heilt spesiell med godt samhald og mange fine felles opplevingar.

Skulpturen Jo lagar kan minna om eit tårn. Eg likar tårn, seier han. Det ligg i naturen til menneska å byggja slike. Tenk berre på korleis barn set ting oppå kvarandre, eller på historia frå Babylon der dei søkte tettare til himmelen.

Eg har laga liknande verk som står i Portugal og Korea, men denne spesielle har eg funne inspirasjon til her i Os. Boksane som du ser er integrert i steinen er symbol på løyndommar og mirakler. Det fine er at dei kan ha ulikt innhald for kvart menneske. Det er spennande når andre fortel om opplevingane dei har i møte med arbeida mine.

Granitt er eit svært hardt og varig materiale, held han fram. Eg vonar at både skulpturen og samfunnet her på Os får ei god og lang framtid, helsar han når eg takkar for praten og ruslar vidare.

Løyndommar og mirakler i steinen, sa Jo. Er løyndomane der allereie, eller kan eg leggja inn mine eigne?



Tungt fysisk arbeid vert til vakker kunst



Mannen som er ankra til jorda er klar ...

Det er laurdag og eg er attende i Vognhallen. Bråket frå verktyet har stilna. I dag går eg inn i eit galleri. Golvet er feia og klart til å ta imot gjester. Marmormannen til Renata er blankpolert og vakker. Toril sitt hjarte er plassert på ein sokkel slik at det kjem til sin rett som symbol og val. Jo sitt tårn er spylt og reint og ventar på transport til Telthusplassen. Det er mange som har teke turen innom Vognhallen i dag. Nokre går i spenning og lurar på kva for skulptur som skal bli deira,



Hjarte som symbol og val


medan dei aller fleste ruslar rundt og ser ut til å nyta kunsten dei ser.

Ein dresskledd varaordførar kjem med godord både til kunst og kunstnarar. Han takkar alle på vegne av Os kommune. Skulpturane finn sine nye eigarar og kommuneskulpturen får reisa over Øyro til den flotte nye Telthusplassen der han skal gleda både fastbuande og ferdefolk. Så er Symposiet over for denne gongen.

I haust var eg der att. Hos skulpturen til Jo Kley. I regnet er han nesten endå flottare enn i sommar då sola skein på han nokre dagar.

Eg bar lagt løyndomar inn i boksane på skulpturen. Jo sa det var det dei var til.....løyndomar og mirakler. Legg inn dine du og då vel! Ta i bruk ein av boksane i skulpturen! Kanskje du bar ein morosam løyndom som vil få deg til å le når du passerer? Eller ein trist ein som du kan leggja frå deg for å få kvila frå han?

"Vi ønskjer eit samspel mellom kunst og folk, ei oppleving for den enkelte", sa Arne Mæland. Kanskje var det dette han meinte?



Vårlovsing

*Det var kulderi,
det var mørketid,
det var bekken som fraus i sitt vinterhi
der han sildra smått
under iskalott.*

*Når lengten er long er det sørgjeleg rongt
at istak og isvegg gjer buet ditt trongt.*

*Men når sola glør
og når isen blør
og når sjølvaste døden vil tøy- og tør,
då er bekken løyst
med si gurglerøyst.*

*Der kaldvatnet blenkjer, står du i glo
for vatn er vatn og blod er blod.*



Tekst: Anders Hauge

”Me Tarzan, you Jane!”

Tarzan – mannen og mytane

“Tarzan slengjer seg frå tre til halv Anders Hauge fire!” hauka vi og braste gjennom småskogen nedafor husa, mens jaktkniven (av tre) daska mot låret.

Tarzan var ein av barndommens største heltar, og det var ikkje grenser for kva han kunne utretta.


Det fanst knapt større lykke enn å få fingrane i ei av dei vedunderlege grøne bøkene med gullmønster på ryggen og ufattelege bragder inni. Rettnok bar dei ofte preg av at dei hadde passert dusinvis av svarte gutehender, men innhaldet var like nyslått og fengslende for kvar ny lesar.

I mine gutedagar var Fykkesundbrua eit av verdas sju underverk, og Afrika så langt borte at det var med nauda det var kome med på kartet. Afrika var Tarzan sitt rike, og der kunne kva som helst henda. Og det gjorde det og! I bøkene.

Om du høyrer til dei uinnvigde, trur du kanskje at Tarzan er ein vanleg gjennomsnittleg villmann som rasar rundt i jungelen på måfå og slåst av hjartans lyst mot ville dyr og endå villare menneske?

Ingen ting kan vera meir feil! Ikkje berre kjem Tarzan frå ei god slekt, han har blått blod i årene.

Tarzan er ein ekte lord, må veta!



Bakgrunnen.

Det er blitt hevda at Tarzan byggjer på sagnfigurane Romulus og Remus, som ifølgje myten grunnla Roma. Han er og inspirert av Theodore (Teddy) Roosevelt, amerikansk president og storviltjeger.

Burroughs sjølv har fortalt at det var Mowgli frå ”Jungelboka” som var den eigentlege Tarzanmodellen. Der skildrar den engelske forfattaren Rudyard Kipling jungelguten som vart adoptert av ein ulveflokk. Det vert fortalt at Burroughs slukte

"Jungelboka", som utkom alt i 1894.

Den første boka om Tarzan kom ikkje før i 1912, men mens Kipling hadde reist over heile det britiske imperiet, hadde Burroughs berre drøymt om slike reiser og stader.

Elles var han ikkje så nøye med sanninga om seg sjølv. Han hevda at han var fødd og oppvaksen i den forbodne byen i Beijing. Der var han blitt kidnappa av sigøynarar og bortført til Amerika. Han greidde etter kvart å rømme, hevda han, og noko seinare tok han eksamen med toppkarakter ved eliteuniversitetet Yale.

Oppveksten.

"Tarzan – apenes konge" er første boka i serien, og her vert det fortalt om Tarzan sin oppvekst.

Tarzan er son til lord og lady Greystoke som etter eit mytteri vert sett i land på kysten av Vest-Afrika. Mora døydde av naturlege årsaker etter å ha fødd eit gutubarn, mens faren vart drepen av Kerchak, den store menneskeapa på 175 kg, og "apenes konge".

Innleiingsvis i første boka fortel forfattern at han har fått høyra saga om Tarzan av ein kar som hadde fått for mykje å drikka, og derfor var blitt svært pratsam:

"Jeg tør ikke påstå at det er sant, alt det jeg her forteller, men bare det at jeg har forandret navnene på alle hovedpersonene, viser tydelig nok at historien etter min mening godt *kan* være sann. De offentlige dokumenter, en gammel dagbok og mannens beretning stemmer aldeles, men er det noen som tviler på at alt dette har hendt, så må de i hvert fall innrømme at historien er både merkelig og interessant." (s. 7).

Forfattern bruker det tradisjonelle forteljargrepet som skal få lesaren til å forstå at rett nok kan ikkje *han* gå direkte god for sanningsgehalten i boka, men her er likevel så mykje materiale som ligg til grunn at ingen bør tvila på at alt er reine, skire sanninga.

Den brutale Kerchak drep også ungen til apehoa Kala, og ho tek så over foreldreansvaret for Tarzan i staden. Lenge trur Tarzan at Kala verkeleg er mor hans. "Tarzan" er namnet apene gir den vesle lorden. Det tyder "kvithud".

Skal ein bli litt "litterær", kan "Tarzan – apenes konge", som er den av bøkene som er mest interessant, sjåast på som ein allegori over menneskets utviklingshistorie.

Ei god stund er menneskebarnet Tarzan eit hjelpelaust kryp som er avhengig av Kala si omsorg.

Dei "andre" apene var langt meir for seg når dei var tre månader enn Tarzan når han var tre år.

Smått om senn gjorde han store framsteg. Ti år gammal var han minst jamgod med dei andre, men no tok han til å undra seg over at han var så ulik dei. Ikkje hadde han hår over heile kroppen, og ansiktet var også heilt annleis.

For å berga seg frå ei farleg løvinne, må Tarzan kasta seg i vatnet, og lærer såleis å *symja*.

I tølene etter foreldra kjem han over ein jaktkniv, og lærer å bruka *reiskap* i kampen mot Bolgani, den svære, livsfarlege gorillaen som vil drepa han. Etter kvart vert han også ein meister med pilebogen.

Det er sagt at "Tarzan – apenes konge" kan lesast både som ein dannelsingsroman (Robinson Crusoe) og ei heltesegn, der Tarzan strevar med å forstå sitt eige opphav og sin eigen, menneskelege natur (Romøren).

Nye utfordringar.

Mest forvitneleg er skildringa av korleis Tarzan tileignar seg skriftforståing, og lærer seg å lesa. I ei kiste etter foreldra fann han bøker; mellom anna ein bilet-abc. Eit av bileta "framstilte en liten ape slik som han selv" (s. 49).

Gjennom ein lang og mødesam prosess over år lærer Tarzan seg så å forstå desse underlege små, svarte "billene", og etter kvart greier han og å setja dei saman til ord: "Syttten år gammel kunne han lese hele abc-en. Han skammet seg nå ikke lenger over at han ikke var hårete som stammefrendene sine, for nå visste han at han var et m-e-n-n-e s-k-e, men de var a-p-e-r." (s. 51).

Inga lita bragd å læra seg å lesa (og skriva) engelsk heilt på eiga hand av ein gut som berre er oppvaksen med apene sitt nokså ufullkomne språk! Men Tarzan er då heller ikkje dusinvare, og skildringa av leselæringsprosessen er etter mitt skjønn eit høgdepunkt i boka.

Dei nye intellektuelle utfordringane hindra ikkje Tarzan i å dyktiggjera seg i meir matnyttig lei. Skulle han hevda seg mellom apene, måtte han vera minst like god som dei hine i alle praktiske gjeremål. Dessutan måtte han vera like sterk og like stridsdyktig.

Då den lumske stammefrenden Tublat går til åtak på pleiemora Kala, går Tarzan imellom.

Med den vesle jaktkniven sin drep han Tublat, og sikrar seg på den måten status i stamma.

Så kom tida for det som ein eigentleg har visst måtte koma; konfrontasjonen med Kerchak.

Vill av sinne og misunning angrip han Tarzan, som "ikke hadde annet enn kniven og sin større intelligens å stole på". (s. 83).

Utfallet kjenner vi jo – "Lord Greystoke var blitt apenes konge." (s. 83).

Etter at han har overvunne utfordraren Terkoz – utan å drepa han – forlet Tarzan apene for å finna sitt eige folk, folk som var kvite som han sjølv.

Kjærleiken kjem til jungelen.

Etter farlege og spennande opplevingar av ymse slag, hender sjølv sagt det som *må* henda, Tarzan forelskar seg. Han ser eit følgje som går i land, og den siste som går frå borde er ei ung dame på nitten – Jane Porter, dotter av ein amerikansk professor. Med i følget er også William Cecil Clayton – ”en kjekk, ung mann i hvit dress, med høy panne og litt nervøse fakter.” (s. 94).

Kven andre er vel denne vennen til Jane enn tjukke slekta – Tarzan sin høgvelborne fetter frå England.

Tarzan vert bergteken av . . . ”den unge damen. Å, hvor vakkert ansiktet hennes var! Og så hvit hud hun hadde. (-). Så løsnat hun håret sitt. Som en gylden foss veltet det nedover ryggen hennes. Tarzan ble stående som fjetret. . .” (s. 115).

Tarzan er fortapt. Fylt av brennande kjærleik skriv han sitt første kjærleiksbrev:

”Jeg er Ape-Tarzan. Jeg lengter etter deg. Jeg er din. Du er min. Vi skal alltid bo sammen her i huset mitt. Jeg skal bringe deg den beste frukten og det fineste kjøttet i hele jungelen. Jeg er den største av jungelens jegere. Jeg er den mektigste av jungelens kjempere. Du er Jane Porter. Når du ser dette, vil du skjønne at det er til deg, og at Ape-Tarzan elsker deg.” (s. 120).

Etter mykje om og men og mange forviklingar, finn dei ut at dei elsker kvarandre. Men den noble Tarzan gir likevel avkall på Jane då han får veta at at ho er forlova med fetter Clayton. Som ein ekte ridddar ofrar han kjærleiken ”på sivilisasjonens alter” (Romøren).

Tarzan er blitt eit sivilisert menneske som har lært å forsaka seg sjølv.

Men som kjent: Alt ordnar seg til slutt. Men det skjer ikkje i denne boka.

The Noble Savage.

Gjennom hendingar som spegelscenen, reiskapsbruken, alfabetiseringa og møtet med kvinna – Jane – veks det fram ei menneskeleg erkjenning hos Tarzan. Han innser at han er menneske som har plikter og normer. Det samsvarer med Rousseaus førestellingar om villmannen som er god frå fødselen av på grunn av sin uforderva menneskelege natur. Kanskje er det også slik at Tarzans fine karakter ligg latent i dei adelege(!) genene hans?

Darwin spøkjer også i kulissene.

Bodskapen kan ein likevel ikkje ta feil av: Tarzan er eit edelt menneske, og Amerika (les USA) er alle tings mål og mening. Det er snart hundre år sidan ”Tarzan – apenes konge” kom ut, og det er lett å ironisera både over innhald og holdningar. Eg synest ikkje det er rett. Ein skal ha respekt for den ufattelege

gleda som millionar av gutar (spesielt) i alle aldrar i alle land har hatt av Tarzan i alle utgåver.

Likeins må ein innsjå at synet på så vel rasisme som kjønnsroller har utvikla seg vesentleg sidan 1912. Eg meiner ikkje dermed å seia at ein skal ta alt i desse bøkene for god fisk, men ha ei romsleg forståing for at verda *er* ikkje lenger som verda *var*.

Filmene.

Det er laga 89 filmar med Tarzan i tittelen frå 1918 til 2008. Dei første var stumfilmar som var baserte på bøkene etter kvart som dei kom ut.

Forskarane synest vera samde om at der er eit skilje mellom bøkene og filmene. Mens spesielt dei første bøkene er opptekne med Tarzans utvikling frå jungeldyr til menneske, og møtet med bokstavar og bøker, fokuserer filmene langt sterkare på fysisk utfolding.

Ikkje minst vart dette eit dominerande trekk når Johnny Weissmuller kledde på seg lendekledet, drog ut i jungelen og ulte som eit lokomotiv.

For min generasjon var det berre *ein* filmtarzan: Johnny Weissmuller. Dei som kom seinare, vart berre bleike kopiar.

Weissmuller (1904 – 1984) var meistersymjaren med fem olympiske gullmedaljer som sette 67 verdsrekordar, og såg ut som ein ekte jungelhelt. Ikkje rart at det vart mange spennande symjescener i desse filmene.

Saman med vakre, raudhåra Maureen O’ Sullivan spela han inn mange filmar i åra som kom, og etter kvart vart det satsa på meir vågale undervasscenar for ei vaksnare målgruppe.

I 1948 var det slutt på Weissmullers Tarzan-karriere, men i mange år til spela han i ymse ”jungelfilmar” av vekslende kvalitet.

Det var Weissmuller som lanserte Tarzans kjenningsskrik, og for oss som i svært unge år fekk følgja Tarzan, Jane og Cheetah (sjimpansen) på eventyr i jungelen, kan det vanskeleg tenkjast større filmopplevingar.

Så seint som i 1984 kom den påkosta ”Lord Greystoke, the legend of Tarzan”. I 1999 kom Walt Disneys teiknefilm ”Tarzan”, og same året filmmusicalen ”Tarzan”, som vann Oscar for beste melodi. Jau, Tarzan lever i beste velgåande.

Edgar Rice Burroughs (1875 – 1950).

Oppveksten til Burroughs var langt frå så glamorøs som han sjølv ville ha det til.

Han var fødd i Chicago, og etter ein tradisjonell skulegong freista han koma inn på West Point, det kjente amerikanske militærakademiet. Han mislykkast i det, men verva seg som menig soldat. På grunn av hjarteproblem kunne han ikkje verta offiser, og fekk avskil i 1897.

Etter ei rekkje kortare jobbar av ymse slag begynte han å skriva i 1911.

Først då "Tarzan of the Apes" vart publisert frå 1912, var lykka gjort.

Tarzan er faktisk ein av dei mest kjende og populære figurar i fiksjonslitteraturen i verda til denne dag, og blir sett på som eit kulturelt ikon.

Under Den andre verdskrigen budde Burroughs på Hawaii, og søkte om å bli krigskorrespondent, og vart ein av dei eldste korrespondentane i verdskrigen.

Etter krigen flytta han tilbake til California, der han døydde av eit infarkt i 1950.

I tillegg til Tarzan-bøkene skreiv Burroughs minst seks andre seriar med spenningslitteratur.

Dessutan skreiv han science fiction, westernbøker, historiske romanar og elles andre bøker av forskjellig slag. Det meste selde godt.

Ganske snart vart forfatterskapen til eit verdsomspennande forretningsimperium som eksisterer til denne dag.

Eg konsentrerer meg om Tarzan-bøkene som Burroughs skreiv heile 25 av.

Berre omlag halvparten er omsette til norsk, for etter kvart kom ein til at dei vart for tøvete og lite salbare for den norske marknaden.

Dei norske utgåvene vart elles korta ned og tilpassa dei unge, norske lesarane. Mykje er også heilt utelate. Den norske utgåva av "Tarzan apenes konge" er på 160 sider, medan originalen er dobbelt så lang.

Burroughs sette aldri sine bein i Afrika, og det er sagt at han opererte med eit Afrika på storleik med Vestfold fylke. Då er det godt gjort at han makta skapa eit så fengslende bilde av verdsdelen i hjarta til millionar av lesarar, eit bilde dei ber med seg resten av livet.

Tarzan i verda.

Det seier mykje om Tarzans popularitet at byane Tarzana i California og Tarzan i Texas er kalla opp etter Tarzan. Burroughskrateret på Mars er kalla så til ære for forfattaren.

I tillegg til filmane vart det laga to populære radioseriar om Tarzan.

Etter kvart kom også TV-seriane. Utover i 1960 og 70-åra gjekk den eine serien etter den andre på amerikanske skjermar.

Sjølvsagt vart Tarzan også dramatisert for teateret. Alt i 1921 vart "Tarzan of the Apes" sett opp på Broadway, og seinare har det gått slag i slag med show av ulike slag over heile verda. "Tarzan Rocks!" gjekk på ein av Disneys scenar like til 2006.

Tarzan har sjølvsagt også utfolda seg i teikneseriane. Over heile verda har Tarzan, og etter kvart Tarzankopiar, hatt store lesarskarar og lang levetid.

I Finland, der det er smått med aper, vart helten Tarsa oppfostra av bjørnar.

Tarzan har vore særleg populær i Israel, og hjelpt dei i kampen mot fiendtlege motstandarar av arabisk opphav.

Like omtykt har han vore i Midtausten, der han har hjelpt til i kampen mot jødane.

I 2004 kom "Tarzan Presley" som la inn element frå Tarzan og Elvis i ein ny kloning, Tarzan Presley, med bakgrunn i New Zealand og USA.

Det må og nemnast at det er skrive tonnevis av bøker og artiklar om Tarzan og "far" hans, Edgar Rice Burroughs. På internett gir Tarzan hundretusenvis av treff.

Sluttord.

Kor alvorleg skal ein så ta denne apeputen som vaks til "Tarzan den uovervinnelige"?

Det må bli opp til kvar einskild lesar.

Det finst endeleg nok å kritisera, og mange har teke sterk avstand frå alt Tarzan og skaparen hans står for.

Greitt nok.

Men ein går vel ikkje til desse bøkene som har eksistert i tre mannsaldrar for å bli oppdatert på rasisme, kjønnsroller, menneskerettar og det å vera "politisk korrekt"?

Alt då bøkene kom på norsk først på trettitalet, var det mange som åtvare mot denne dårlege litteraturen som vart sleppt laus på ubefesta gutesinn. Noko i det, kanskje?

Men kor gravalvorleg skal ein ta denne kritikken?

Skal ein ikkje også setja pris på den utrulege gleda og spenninga lesaren fann i Tarzans univers? Lesing har verdi i seg sjølv, og Burroughs har skapt noko som har vunne gjenklang i millionar av lesarsinn over heile verda. Det står respekt av det. Det er nok av dei som har prøvd utan å lykkast. Ikkje alt er like "politisk korrekt" i dei norske folkeeventyra heller, naturleg nok.

Men eventyret lever!

Kjelder:

Tarzan apenes konge (Windju 1954)

Litteratur for barn og unge (2003)

Wikipedia

Per Kristian Hægland



– festivalgeneralen



Tekst og foto: Norvald Kobbeltvedt
Foto: Ole Vidar Søviknes

"Osingen" har slått av ein prat med mangeårig leiar i Osøren blues og jazzfestival Per Kristian Hægland. Vi trefte den sindige osingen på gjestebryggja midt i august. Sist han sat på denne plassen var under hektiske festival dagar i slutten av juni, for å sjå og høyra "Nobody's Business Bluesband". No kan han slappa av etter nok ein vellukka blues- og jazzfestival.

"Vel, vellukka er litt tidleg å seia. Vi har ikkje fått alle tal på bordet. Men magekjensla er god. Eg slappar av og reiser til Oslo på fredag. Ein av sønene mine har nettopp kjøpt seg husvære i hovudstaden. Eg skal montera nytt kjøkken for han."

Bakgrunn. Å gie ei hand til store barn kjenner vi oss att i. Men Per Kristian er betre skodd enn mange av oss til slike syslar. Teknikaren med røter i Hegglandsdalen har fagbrev som snikkar. Dette var ikkje heilt tilfeldig, ettersom dette yrket har lange tradisjonar i slekta. Oldefaren Jakob Hægland starta eiga verksemd i "Fossen" oppe i Lyssandtræ. Med hjelp av kraft frå vatnet i Vadlaelvo laga dei den gong kraftuttak til diverse maskinar i snikkarverkstaden. Seinare utvikla og moderniserte bestefaren Peder verksemda. I tillegg etablerte han Peder Hægland møbelfabrikk på Øyro. Far til Per Kristian tok i sin tur over. I denne geskjeften gjekk Per Kristian inn på 70-talet. Diverse omstende gjorde at karrieren i familieverksemda vart avslutta. M.a. vart fabrikkjen på Osøyro herja av brann sist på 70-talet. Per Kristian fekk då arbeid i Conoco Phillips, ein av operatørane i Nordjøen, og har dei siste 30 åra hatt sitt arbeid der.

Musikkinteresse. Per Kristian si konsertrøynsle starta for mange år sidan. Alt på 60-talet lærde han seg å spela gitar. Og tidleg i ungdommen sette han gutedraumen ut i praksis: Han starta eige band. Han fekk låna eit rom i den før nemnde verkstaden i Fossen, og her rigga bandfolket seg til med scene og inviterte venner og kjende til dans. Sekstialet var gulltiåret for danseband i bergensområdet, og gruppa fekk snart fleire og større oppdrag.

USA. Men dette lokale musikkengasjementet fekk ein brå stopp då familien flytta til USA. I 1964 reiste dei til kontinentet i vest, nærare bestemt San Francisco.

Dei flytta frå ein vestkyst til ein annan. Bortsett frå det var det liten likskap mellom det gamle og det nye. I 1967 song Scott McKenzie "San Francisco", der det heiter i teksten: "If you're going to San Francisco, be sure to wear some flowers in your hair." Dette førte til at titusenvis reiste til byen, med blomar i håret - og delte ut bukettar til menneske dei møtte; av det uttrykket "Flower Children".

På konsert med verdsstjerner. San Fransisco var altså ungdomskulturen si høgborg på denne tida og smeltedigel for subkulturar av mange slag, ikkje minst innanfor musikk. Alle store artistar innan pop, rock og jazz på 60-talet passerte The Golden Gate Bridge. Og her levde den unge osingen viktige ungdomsår. Per Kristian er derfor ein av få osingar,

sannsynlegvis den einaste, som har sett og høyr "live" legendariske artistar som Jimi Henrix, Janis Joplin, Santana og Fleetwood Mac. Ja, sjølvaste The Beatles var han ein gong på konsert med, i San Franciscos Candlestick Park, 29. august 1966. "Litt tilfeldig alt dette", seier han sjølv. Ingen visste jo då at desse gruppene skulle prege rockehistoria slik dei har gjort. Ikkje rart at han seinare hadde lyst til å setja Os på musikkfestivalkartet.


Blues. I 1969 flytta familien heim til Os igjen. Men i USA var interessa for blues vekt. I allfall har det vore ein musikalsk sjanger som har stått hjarta hans nær i heile det vaksne livet hans. Blues er ei form for musikk der blå tonar er sentrale. Når afrikanarane vart henta frå Afrika på slaveskip, tok dei også med seg musikken sin. I deira musikk finn vi ein skalatyp som er ulik den europeiske: Ters og septim er ein kvarttone lågare enn den vi er vane med. I utgangspunktet er songen sentral, gjerne akkompagnert av akustisk gitar og munnspel. Forma oppsto i afroamerikanske miljø i sørstatane i overgangen frå det 19. til det 20. hundreåret. Bluesen påverka seinare amerikansk og vestleg populærmusikk.

Notodden. Den største bluesmønstringa i Noreg vart ein inspirasjon for festivalen i Os. Den finn stad kvart år i månadsskiftet juli/august på Notodden. Festivalen vart arrangert første gong i 1988. Notodden Blues Festival er ein av Nord-Europas største bluesfestivaler. "Vi var nokre musikkinteresserte som reiste til Notodden Blues festival nokre gonger på nittitalet. Vi var hekta på denne musikken, melankolsk og enkel i sitt vesen, men med kraft og nerve av stål; i alle fall sterk nok til å buksera vestlendingar ut av godstolen år etter år. Etterkvart slo tanken oss: Dette må vi få til i heimbygdo Os", fortel festivalgeneralen. I 1998 samla han nokre nøkkelpersonar for å drøfta ideen.



På jazzcruise med Midtbordland

Osøren blues og jazzfestival. Mange gode innspel kom frå ulikt hald, ikkje minst frå festivalleinga i Notodden. Det vart fort klart at ein slik festival er meir enn berre musikk. Og dei forsto snart at det er naudsynt å ha eit breidt støtteapparat når ein skal



John Mayall

gå i gang med noko slikt. "Difor inviterte vi med i arbeidsgruppa folk frå næringslivet, kulturetaten, musikkmiljøet, politikarar og eit korps av frivillige. I 1999 gjekk første festival av stabelen. Han vart ein suksess, og gav meirsmak. Budsjettet balanserte, noko som har vore ein gjengangar gjennom desse åra: Ein rekneskap til å leva med, i motsetnad til mange andre festivalar i dagens festivalnoreg. Kanskje er det derfor vi får gjennomgåande mindre omtale enn andre festivalar i området. Vi greier å halda skuta på rett kjø, og det skaper sjeldan skandalar", undrar Per Kristian. "Etterkvart er vi vortne endå meir medvitne på det organisatoriske: Vi er ein del av paraplyorganisasjonen Os kulturutvikling. Vi spelar framleis på lag med næringslivet, diverse utestader, kulturkontoret, sponsorar og elles lokale politikarar. Nokre av konsertane våre trekkjer mykje folk. Derfor har vi vore på jakt etter store arenaer. Vognhallen er ein slik. Der spelte John Mayall i fjor. Han er ei av dei store blueslegendene frå England. Songaren, keyboardisten og munnspelaren blei fødd i 1933, og fylte 75 år sist november. Han har samarbeidd med mange store musikarar, der gitaristen Eric Clapton nok er den mest kjende. Ei av dei største musikkopplevingane mine fekk eg då Mayall og gruppa hans, The Bluesbreakers, heldt konsert der i fjor. Ein annan populær arena er M/S Midthordland. Jazzcruisa på den gamle bjørnefjordsbussen vert for mange rosina i pølsa under festivalen, og dei vert fort utselde. Vi har stort sett vore velsigna med fint vær desse siste dagane i juni, og det lokkar mange tilreisande til bygda. I sommar var innseglinga til osen proppa



Entusiastiske blues- og jazzfunksjonærer. Per Kristian er nr. 2 frå bogre.

med båtar, både osingar og tilreisande. Ein kunne mest gå tørrskodd tvers over frå Oselvarnaustet til gjestebrygga vis-à-vis.”


Med omsyn til nye arenaer, ser Per Kristian definitivt fram til å kunna ta i bruk det nye kulturhuset Oseana i festivalsamheng. ”Vognhallen er sjølvsagt ein spektakuler arena, ikkje minst med ei spennande historie. Men det er ikkje få dugnadstimar som ligg i botn før artistane kjem på podiet. Det nye kulturhuset kan hysa 800 i storsalen. Å ha plass til så mange i ein hall der det meste er på plass på førehand, vil gjera arbeidet mykje lettare for oss.”

”Kor lenge er du med og styrer festivalen?”

”Som sagt har eg vore med sidan starten, dvs på 11 festivalar. I sju år var eg leiar. No er eg med i styret. Eg held på så lenge eg har glede av dette. Styret skal snart ha samling for å evaluera festivalen i sommar og planlegga festival 2010. Eg har alltid hatt ansvar for booking av artistar, og eg må vedgå: Eg elsker den jobben. Så eg held nok på ei stund til...”,

seier Per Kristian, på veg heim til Lonen for å førebu tur til hovudstaden, inkludert montering av kjøkken for junior. På spørsmål om artistar til neste år, så har han sine favorittar, men han held korta tett...

Kjelder: Wikipedia



Folk kunne mest gå tørrskodd over elveosen.



Redaktør for barnesidene Elfrid Moberg

GÅTER

Korleis gjekk det med svensken som gjekk rundt og sa at alle i regjeringa var dumme?

Han fekk to års fengsel for å ha røpa ei svensk statshemmelegheit.

Ei brunette og ei blondine hoppar ut frå eit fly. Kven landar først, og kvifor?

Brunetta landar først, fordi blondina stoppar fem gongar for å spørje om vegen.

Kvifor sette guten sykkelen sin ved sida av senga då han skulle leggje seg?

Fordi han var lei av å gå i søvne!

Kvifor kryp svenskane på butikkgolvet?

Dei leitar etter låge prisar.

Ridehesten min

Ridehesten min heiter Strøna Jenta . Ho er ein kaldblods hest (travar). Dette er ein god ridehest. Kjærausten hennar heiter Birk. Han er også ein travar. Det var litt om hesten min.

Litt tips om å ha hest :

1. pass på at hesten får selskap.
2. ha ein god og ryddig stall.
3. du må ha litt kunnskap om hest og stell.
4. du må ha nok tid til å vere med hesten din.
5. du må også passe på at hesten får rett kost.



Miley Cyrus Abrahamsen

Eg har ein gullhamster.

Eg fekk henne 23.april

2009, og eg har buret

på rommet mitt. Ho

drikk vatn i flaske

og et blandingskorn.

Tennene er ein

centimeter lange som ho kan tygge og ete med.

Eg steller buret to gonger i veka på tysdagar og

fredagar. Då tek eg buret ut og steller det bak

huset vårt. Inni buret har eg eit hus, matskål og eit

løypehjul som ho kan springe i. Når ho er inne i

buret, vil ho alltid ut av buret.

Ho er eit halvt år gammal og heiter Miley Cyrus

Abrahamsen. Av og til når eg held ho i sofaen, går

ho oppi snopeskåla og tar to lakrisbåtar på kvar si

side av kinna. Ho likar å få kos.

Fargen hennar er oransje med kvitt under haka.

Ho bit aldri. Ho har aldri fått barn før. Halen er

veldig liten og kort og fargen er oransje!!!



1. Kva heiter ho?
2. Har ho fått barn før ?
3. Bit ho?
4. Kva et ho?
5. Likar ho å kose ? ☺☺☺☺☺P
6. Kva farge har ho ? ☺☺

Kattungen min

Kattungen min heiter Henning. No er han litt meir

enn 2 månader. Servalat er noko han likar sær

godt. Dette er verdas søtaste katt og fargen hans

er svart. Han er veldig leiken og han er glad i å

kosa. Å leika gøymsele er han flink til .

Han likar ikkje så godt å vere åleine eller for seg

sjølv. Når eg er heime , følgjer han etter meg same

kvar eg går.

Han går på do i kassen sin. Vi skiftar i kassen cirka

kvar 3. dag.

Spørsmål:

1. Kva skule går Harry Potter på?
2. Kan du namnet på ein akvariefisk?
3. Kva kan hundar få når dei er skitne?
4. Kva dyr lever i kloakken?
5. Kva heiter den berømte Disney musa?
6. Kva heiter bygda vår?
7. Kva er barn veldig glad i å eta på laurdagar?
8. Kva heiter dette bladet?
9. Kva er kvar dag klokka 18.00 på Nrk 1?
10. Kven er kokken i Uhuu på Barne tv?

Svar:

1. Galtwort.
2. Gullfisk.
3. Lopper.
4. Rotter.
5. Mikke Mus.
6. Os.
7. Snop.
8. Osingen.
9. Barne
10. Napoleon.

Skateboarding

Skateboarding

I ca.1920 begynte surfarane å setje rulleskøytehjul på treplankar.

Det første skatemerket som lagde skateboard heitte Roller Derby.

Roller Derby var flate Brett. I 1970 begynte ei gruppe frå Vinice i California å



utvikle skatinga til slik den er no.

Ollie er trikset du må kunne for å gjere nesten alle dei andre triksa. Ollie brukar du for å hoppe oppå ting og over ting.....



FINN VEGEN

Hjelp Kalle til vinterland før han smeltar!



ANIMÉ

Animé er japanske teikneseriar. Når dei teiknar jentene, pleier dei å ha store auge og liten munn. Gutane har mindre auge og litt større munn. Det finst mange ulike Animé. For eksempel Crayon Shin Chan



Crayon Shin Chan handlar om ein morosam liten femåring som lagar mykje trøbbel ☺

VITSAR

Det var ein gong ein svenske, ein danske og ein nordmann som skulle i eit spøkelseshus.

Det var om å gjere å vere lengst inne. Svensken var først. Då han kom inn, hørde han ei stemme som sa: "Eg er spøkelset med dei gule augo". Då vart svensken redd og sprang ut, han var inne i 1 minutt.

Så var det dansken sin tur. Då han kom inn, hørde han spøkelset og sprang ut etter 3 minuttar. Til sist var det nordmannen sin tur. Då han kom inn, hørde han spøkelset sa: "Eg er spøkelset med dei gule augo". Då svarte nordmannen: "Eg er nordmannen med dei raude trusene!". Då sprang spøkelset ut.

Har du hørt om svensken som klatrar i lykestolpane om hausten?

Han sjekkar om pærene er modne.

”Di fleste snakka sann så meg.”



Endring, variasjon og utviklingstendensar i språksamfunnet Os

Reidunn Hernes frå Os er tilsett som forsteamanuensis ved NLA Lærerbogskolen.

Korleis snakkar ein eigentleg på Os? I 1944 fekk den kjende osingen Nils Tveit dette spørsmålet. Han svara på denne måten:

Da va ein mann å ei kåna så budde idni fjellbygdo. Di hadde to små bodn, ein gut å ei jenta. So va da ein måro om submaren at kåno hadde gått åt markjo og sko mjælka kuo (kyro) si, då hadde bodno vakna å reise opp å so tømte di da vart so lengje før moro kobm heim'att å so sko di gå i markjo å sjå itt'ne, men so hadde di gått ein galn vei å kobm idn i en skog, å di visste itkje te fidna væien heimatt. Dette utdraget frå målprøven til Nils Tveit har døme på mange språkdrag som er typiske for det tradisjonelle osmålet. Vi finn mellom anna differensiering (rn > dn, som i bodno) segmentasjon (nn > dn og mm > bm som i idni og submar) og palatalisering (hardganeuttale av k, g og ng som i markjo og lengje). Vi finn også affrikat uttale av kj-lyden (kj > tkj som i itkje). I formverket merkar vi oss o-ending i bestemt forma av sterke og svake hokjønnsord (elændighæito, kåno), og i inkjekjøn, fleirtal bestemt form (bodno), og a-ending i infinitiv og i hokjøn ubestemt form (jenta, fidna). Frå lydskriftversjonen av denne målprøven går det også fram at r-lyden er uttalt med rulle-r.

Det finst framleis osingar som snakkar om lag slik Nils Tveit beskrev det i 1944, men dei er ikkje lenger i fleirtal. Fleire vil nok kjenna seg meir heime i denne modifiserte versjonen av målprøva ovanfor:

De va ein mann å ei kåna så budde inni fjellbygdo. Di hadde

to små onga, ein gutt å ei jenta. Så va da ein mårning om sommaren at kåno hadde gått i marko og sku mælka kuo si, då hadde ongane våkna å stått opp å så syns di da blei så lenge før moro kām heim igjen å så sku di gå i marko å sjå ette ho, men så hadde di gått ein galn vei å kām inn i ein skog, å di visste ikkje å finna veien heim igjen.

Dei to målprøvene har mange fellestrekk, men der finst også ein del skilnader. Vi ser at sider ved lydverket er nokså mykje endra i den siste prøven. Differensieringa, segmentasjonen og palataliseringa har forsvunne. Nils Tveit sin rulle-r som blei uttalt med tungespissen er avløyst av ein bakre skarre-r. Det er også ein del endringar på ordnivå – t.d. er orda bodn og tømte erstatta med orda onga og syns. Formverket er likevel nokså likt i dei to målprøvene. O-endinga i hokjønnsord er der framleis, og det same gjeld a-endingane i infinitiv og i hokjøn ubestemt form. Ein slik modifisert og forenkla versjon av osdialekten blei observert og dokumentert av Arne Aarseth tidleg på 70-talet i hovudoppgåva hans. Her foreslår han termene eldre osmål og yngre osmål for å skilja mellom dei to variantane av osdialekten.

Eit samfunn og ein dialekt i endring

På lik linje med resten av landet har Os-bygda gått gjennom gjennomgripande samfunnsendringar det siste hundreåret. Industri og tenesteytande næringar har avløyst jordbruket som viktigaste leveveg, og vegutbygging og bilar har ført til

at sambandet med nabokommunane er blitt tettare. Heile 45,7 prosent av arbeidstakarane i kommunen var pendlarar ved siste folketeljing, 38,1 prosent av desse pendlar innafør same økonomiske region, og det er grunn til å tru at mange av desse arbeider i Bergen. Den same folketeljinga synte også ein del pendling inn i kommunen; 15,8 prosent av arbeidsstokken var pendlarar frå andre kommunar.

Folketalet har også auka monaleg. I 1946, to år etter at Nils Tveit skreiv ned målprøven for osmålet, hadde Os kommune 4993 innbyggjarar. I januar 2009 var folketalet 16 437. Folketilveksten har vore nokså jamn gjennom heile perioden, folketalet aukar jamt over med eit par hundre menneske i året. Det meste av denne folkeveksten kjem frå innflytting.

Naturleg nok fører innflytting og pendling til auka dialektkontakt mellom osmålsbrukarar og folk med andre talemål. Dette resulterer i meir språkleg variasjon, noko som igjen fører til språkending. Born og unge som veks no veks opp i Os, møter dagleg ulike dialektar både heime og på skulen. Det er difor ikkje til å undrast over at dette får konsekvensar både for deira eiga talemål, og for kva dei tenkjer om talemålet til andre.

Vi skal no sjå nærare på nettopp desse to sidene ved dialektbruken i yngre generasjonar på Os. Korleis snakkar eigentleg unge osingar i dag? Og kva tenkjer dei om måten dei sjølve og andre snakkar på?

"Eg snakke sånn så – de komme av seg sjøl"

Det som mest kjenneteiknar dialektbruken hjå ungdom på Os i dag, er variasjon. Nokre snakkar ein dialekt som liknar nokså mykje på det eg ovanfor kalla yngre osmål, andre snakkar omtrent rein bergensdialekt, sjølv om dei er fødte og oppvaksne på Os. Mange blandar. Nokre lagar ei stabil blanding av trekk frå yngre osmål og frå bergensk, andre vekslar litt, alt etter situasjon og samtalepartnar. For å sjå korleis ein slik blandingsdialekt kan ta seg ut i praksis, skal vi no møte 15 år gamle "Hans", fødd og oppvaksen i Os. I utdraget nedanfor er han i ferd med å forklara ein kamerat kva han ser på ei teikning:

Åså, lit i anre jørn av arke der e de n brun fugl. De betyr eigentli isje om an e brun, men de e en fugl der. Nei, mær mitt på enn høyre jørna. Han har vinge å hode å bein. Åså nede i høyre jørne, der e de to hus. Et smalt å et breit hus. [...] Neida, di e større enn solo. Halpartn så stor så epletree. Å di har dør i vens, ja okei, sånn, åsså har di vindu. Et vindu. På kvart hus. Å i mellom di to husne e de to blomstre. Å nede, mit på arke nede, der e de to jente, ein lito jente å ein litt større jente, så har på seg sjole. Å di har arma. Å rett foran di e de, eg trur de e kake elle noke sånn. Kake me blåbær (Hans 1998).

Hans blandar trekk frå bergensk og osmål nokså systematisk. Han bruker osmålsord som fugl (bg: ful), kvart (bg: hvert) og trur (bg: tror), han seier solo (bg: soln) og arma (bg: armar) som ein gjer i Os, men på same tid bruker han bergensord som hode (osd: håve), høyre (osd: høgre), foran (osd: framfor) og nede (osd: nere), og seier husne

(osd: husna), jente (osd: jenta) og di e stor (osd: di e store). Han har også nokre interessante blandingsformer som mær (osd: meir, bg: mer) og breit (osd: breitt, bg: brett), og han har fått samanfall mellom kj-lyden og sj-lyden, slik at han seier "sjole" der Nils Tveit ville sagt "tkjole".

Den mest interessante setninga i utdraget er kanskje denne: "der e de to jente, ein lito jente å ein litt større jente". Denne setninga er prega av systemblanding. Hans gjev substantivet jente hankjønnsartikkel (som i Bergen), men brukar artikkelforma ein og ikkje en (som ein gjer på Os) og gjev det tilhøyrande adjektivet o-ending (som på Os). Ordet jente blir brukt tre gonger i setninga, og er bøygdt likt alle tre gongane. Vel og bra, bortsett frå at det første belegget er ei fleirtalsform og dei to siste eintal, og både osmål og bergensk skil mellom eintal og fleirtal. Eintalsforma i setninga er henta frå bergensk, og fleirtalsformene frå osmål.

Hans er ikkje så oppteken av dialektar, seier han. Han kallar dialekten sin for "Os/Bergen-dialekt", og meiner at han snakkar meir bergensk som 15-åring enn han gjorde tidlegare. Han omtalar osdialekten som "heilt nynorsk". Eg spør han om han kan snakka osdialekt viss han vil.

Nja - viss eg vil så - jaaa - tru'sje d'e så lett.

Men du vil ikkje?

Nei eg vil isje, sånn til - dagligdags.

Kvifor vil du ikkje?

[Latter] Neei - d'e vel kanskje litt sånn vanskele spørsmål men - d'e vel bare sånn d'e blitt. Eg snakke sånn så - det komme av seg sjøl.

Det språket som "komme av seg sjøl" hjå Hans er altså ein temmeleg stabil struktur med ei blanding av bergenske språktrekk og språktrekk frå Os. Han bruker m.a. mykje e-infinitiv, men held på o-endinga i hokjønnsord og r-bortfall-et i substantiv fleirtal og verb i presens. Denne blandinga kan vi tolka som ein måte å signalisera nøytralitet på – det er ikkje heilt osmål og ikkje heilt bergensk. Slik verkar det truleg akseptabelt i begge "leirar". Og kanskje er det slik Hans helst vil ha det?

Språkleg røyndomsoppfatning

Dei unge i Os i dag veks altså opp i eit språksamfunn prega av dialektal variasjon. Kva tenkjer så dei unge sjølve om denne språklege kvardagen? I kor stor grad legg dei merke til talemålsvariasjonen? Kva for sosiale assosiasjonar knyter dei til ulike variantar av osmål? Tenkjer dei over at andre snakkar annleis enn dei sjølve, og kva synest dei om det? Dette er spørsmål eg har vore oppteken av å undersøka. For å finna svar på desse spørsmåla, gjennomførte eg ein lyttetest i informantgruppa. Eg bad informantane mine om å lytta til opptak av fem osingar med talemål som varierte på ein skala mellom eldre osmål og bergensk. Informantane blei bedne om å gje dei fem "dialektane" namn, og dei

Nei, eg snakka vel osdialekt, vanli...
Di fleste snakka sånn så meg.



Jan H. 09

Illustrasjon: Jan Haaland

skulle også vurdere alder og krinstilhørsle hjå talarane på opptaket.

"Asså du merka jo forskjellen"

Heilskapinstrykket etter lyttetesten var at informantane har eit nokså klart medvit om talemålsvariasjonen i Os. Dei plasserer også talemålsprøvene i lyttetesten på ein nokså samstemt skala ut frå større eller mindre bruk av lokale og ikkje-lokale trekk. Dei fleste informantane hadde klare meiningar om forholdet mellom dialektbruk og alder. Asså du merka jo forskjellen unge snakka på som gamle snakka på. Som ikkje har så stor sosial innflytelse frå innflytara for å kalla det for det då. Så merka du stor forskjell (inf 13).

Eg spurde nokre av informantane om korleis dei ville reagert dersom dei hadde møtt ein ungdom som snakka 'eldre osmål', slik dei høyrde det på ein av målprøvene på opptaket. Reaksjonane var eintydige:

Det hadd'isje gått. Han hadd'isje klart det. Hadd'isje gått litt en gang. Asså, viss eg hadde skreve opp akkurat ordene, eg hadd'isje klart å lese det opp en gang. Hadde aldri gått (inf. 27).

Då veit eg ikkje ka eg hadde tenkt. Han e på jordet, hadde eg tenkt, han slite [...]. Han hadde lagt litt tynt an, nestn, du får jo nestn bank på grunn av å snakke sånn, når det e så gale (inf. 14).

Ikkje overraskande syntest informantane det var vanskelegare å plassera talemålsprøvene geografisk enn ut frå alder. Det eg var ute etter her, var informantgruppa sine førestellingar om eventuelle samanhengar mellom krinstilhørsle og talemål. Då eg systematiserte svara informantane gav, viste det seg visse mønster. Dei fleste informantane plasserte dei to mest konservative talarane i lytteprøva i krinsar som tradisjonelt har hatt lite utbygging og innflytting (Øyane, Strøno, Hatvik, Hegglandsdalen), medan den mest bergenske av talarane i all hovudsak blei foreslått plassert i ein av dei to krinsane som grensar til Bergen (Lysefjorden og Sjøfteland). Dei to resterande talarane i lytteprøva blei for det meste foreslått plasserte i sentrumsområdet.

I sin tur er krinstilhørsle knytt til sosiale stereotypiar. Fleire av informantane er inne på liknande førestellingar som informant 27 på oppmoding her legg fram:

Asså di som kommar frå Lysefjorden sant, di likar rap-musikk og har tøffe bilar og sånt, mens di som kommar frå Sjøfteland likar pønkrock og går med litt snodige kler og, di som e fra Hegglandsdalen likar best å vær i fjøsen og gå med kjeledressn. Litt ekstremt, då, men det e liksom den slags.

Dei som er frå sentrum då?

Di e normal di (inf. 27).

Her teiknar det seg altså eit bilete av tøffe og urbane lysefjordingar og søftelendingar (som snakkar bergensk), bondske hegglandsdøler (som snakkar tradisjonelt osmål), og sentrumsungdom som er "normal" (og som snakkar meir eller mindre blanding).

"Eg syns no sjøl eg har ein ganske vanli dialekt"

I samband med lytteprøven blei informantane også spurde om kva for målprøve dei syntest likna mest på måten dei sjølve snakka på. Flinkast til å vurdere sin eigen dialektbruk, var dei informantane som plasserte seg sjølve i ytterpunkta av dialektskalaen mellom bergensk og osmål, og som slik oppgav anten 'yngre osmål' eller 'bergensk' som si talemålsform.

Eg spurde også informantane om korleis dei oppfatta sin eigen dialekt i forhold til dialektbruken i venneflokket og i klassen. Svara på dette spørsmålet var nokså interessante. Det viste seg at dei fleste informantane, anten dei hadde mange eller få ikkje-lokale former, meinte at måten dei snakka på, ikkje skilde seg ut:

Nei, eg snakka vel osdialekt, vanli. Di fleste snakka sånn så meg (inf. 24).

Eg tror di tenkar sånn midt i mellom, eg altså (inf. 2).

Eg tror no sjøl at eg har ein ganske vanli dialekt i Os, då (inf. 27).

Talemåla til desse tre informantane er nokså ulike, og dei må altså plasserast på tre ulike stader på skalaen mellom yngre osmål og bergensk. Likevel meiner altså ingen av dei at måten dei snakkar på, vik spesielt av frå det normale. Dette er interessant fordi det fortel om ein språksituasjon med høg toleranse for språkleg variasjon, der til dels store variasjonar i formverk og ordtilfang er 'lovlege' utan at ein får særlege reaksjonar frå omgjevnadene.

Toleransen har likevel ei grense. Som vi såg ovanfor, hadde informantane sterke meiningar om korleis dei ville oppfatta ein yngre språkbrukar som snakka 'eldre osmål'. På den andre sida kom det gjennom intervju fram svært negative haldningar til høgstatusbergensk, t.d. med bruk av formene jeg, meg, deg og ikke. Det ser altså ut til å vera eit vidt akseptert rom for språkleg variasjon, men med ei grense i kvar ende av skalaen for kva ein kan tillata seg.

Retninga i språkendringsprosessen

Ut frå framstillinga ovanfor kan ein karakterisera Os som eit språksamfunn med mykje dialektkontakt, stor toleranse for dialektvariasjon innafor visse grenser, og dermed nokså liberale språknormer. Kva har dette å seia for osmålet? I kva for retning går utviklinga?

Det er ei utbreidd oppfatning at språkutviklinga i Noreg i dag nokså tydeleg går i éi retning. Lokale dialekttrekk med ei avgrensa geografisk utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare regional eller nasjonal utbreiing held seg eller spreier seg. Dette ser ut til å vera hovudmønsteret på Os også. Det er ikkje like klart at den viktigaste påverknaden kjem frå Bergen, slik mange har meint. Ein gjennomgang av materialet mitt viser at former som har støtte i bergensk, rett nok står sterkt. Det kan likevel påvisast ein skilnad mellom former som er særigne for bergensmålet og former som finst i Bergen, men som òg høyrer heime i eit norsk standardtalemål. Hjå yngre osingar er det for eksempel svært vanleg å bruka e-infinitiv. Også e-ending i hokjønn ubestemt form er utbreidd. Særbergenske dialekttrekk

som lik bøyning av han- og hokjønnsord (stolen, solen), et-ending i verb i fortid (kastet) og monoftongering (vet, hete, hem) ser ut til å ha vanskelegare for å finna fofeste. Det kan altså sjå ut som om bergensk talemål har ein viktigare rolle som formidlar av former frå norsk standardtalemål enn som ein sjølvstendig påverknadsinstans.

Materialet viser òg døme på nye språkutviklingar som verken har støtte i bergensk eller i norsk standardtalemål. Til dømes viser det seg at mange verb som tradisjonelt har hatt a-ending i presens (t.d. jobba, snakka, fiksa, mangla, rekna), no like gjerne får e-ending (t.d. "han jobbe med nokke datagreie"). Dette er ei utvikling som ikkje råkar Bergen, sidan bergensdialekten har r-ending i desse verba i presens. Denne nyutviklinga er observert over heile Sør-Vestlandet. Det kan altså sjå ut til at dialektutviklinga ikkje berre blir påverka av bergensk og norsk standardtalemål, men også av allmenne dialektutjammingsprosessar innafør regionen.

Korleis vil så osmålet vil utvikla seg i framtida? Som eg var inne på tidlegare, er det lett å dokumentera at stor innflytting og mykje arbeidspending har ført til mykje kontakt mellom språkbrukarar med osmålsbakgrunn og språkbrukarar med annan talemålsbakgrunn. Vi veit også at dialektkontakt ofte fører til dialektending. Det er likevel ikkje berre målbare faktorar av typen folketalsauke og pendlemønster som bestemmer dialektutviklinga i eit språksamfunn. Like viktig er dei kulturelle tilhøva i det aktuelle samfunnet. Med kultur meiner eg i denne samanhengen alt som bind medlemmene i eit samfunn saman, og som får folk til å oppfatta seg som ein del av eit fellesskap.

Når vi som språkbrukarar har eit medvit om at vi tilhøyrer ei sosial og kulturell eining som skil seg frå andre sosiale og kulturelle einingar, er det naturleg for oss å uttrykkja denne sosiale identiteten gjennom språklege markørar.

Os har eigne skular, ein eigen kommuneadministrasjon, ei levande og oppegåande lokalavis, og eit svært aktivt organisasjons- og kulturliv. Alt dette er med på å gje osingar ei kjensle av å høyra saman som gruppe. Ei av informantane mine uttrykkjer denne gruppekjensla slik:

Men det merka eg spesielt når eg va i, når eg va vekke, sånn så no når eg va i Kirkenes, for eksempel. Så sa eg "ja, eg e frå Os". "Os"? "Ja, Os utnfor Bergen". "Å ja, du e bergensar!" Det e utruli provoserande, faen, eg e'kje frå Bergen, eg e frå Os (informant 8).

Sjølv om Os berre ligg 3 mil frå den nest største byen i Noreg, og sjølv om innflyttinga har vore stor dei siste 50 åra, meiner eg at det finst ei klar førestelling i lokalsamfunnet om at Os er noko meir enn ein forstad til Bergen. Ulikt mange andre tettstader har Os halde på bygdestatusen i staden for å vedta at dei vil bli ein by. Samstundes står det nynorske skriftspråket etter måten sterkt i kommunen. Administrasjonsspråket i kommunen er nynorsk, lokalavisa kjem ut på nynorsk, og undervisningsspråket i grunnskulen er i all hovudsak nynorsk. Også dette er noko som gjer at Os-samfunnet markerer seg som ei sjølvstendig sosial og kulturell eining, og som gjer det meir sannsynleg å tenkja at osmålet har ei framtid. Så lenge folk på Os held fram med å oppfatta seg sjølve som osingar, er det stor grunn til å tru at osdialekten vil overleva i ei eller anna form.

Artikkelen er basert på doktorgradsavhandlinga "Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os", som blei ferdigstilt i 2006.

Nils Tveit var mellom anna ordførar, stortingsrepresentant og forfattar av gards- og ættesoga for Os.

Tveit brukte lydskrift. Eg har her prøvd å gjengje innhaldet i tekstutdraget så nøyaktig som mogeleg med vanlege bokstavar. Målprøven er no arkivert på Målførearkivet ved Universitetet i Bergen.

Aarseth, Arne. 1974. Osmålet. Et Hordalands-mål i forandring. Uprenta hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.

Opplysningar frå SSB: <http://www.ssb.no/emner/02/01/fobpend/tab-2002-12-06-01.html>

opplysningar frå SSB: <http://www.ssb.no/vis/emner/02/01/folketellinger/fob1946.html>

Opplysningar frå SSB: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1243.html>

I tekstdømet er osmålstrekka i feit skrift, bergenstrekka er kursivert og andre interessante former er streka under.

Termene 'nynorsk' og 'bokmål' refererer vanlegvis til dei to skriftlege målformene i det norske språket. Informantane mine bruker i stor grad termene for å karakterisera dialektbruken i Os og Bergen. Bruken er svært samstemt – termen 'bokmål' blir brukt for å refererera til dei målprøvane som tenderer mot bergensk, termen 'nynorsk' refererer til det som finst av ostrekk i målprøvane.

Prøvane kan kategoriserast på ein skala frå konservativt osmål til bergensk som 'eldre osmål', 'yngre osmål 1', 'yngre osmål 2', 'blanding Os-Bergen' og 'bergensk'.

Standardtalemål er ein problematisk term i Noreg, fordi det ikkje finst nokon offisiell norsk standard for talemål. Det er likevel svært vanleg å snakka om ei 'standardisering' av norske talemål. Når eg bruker termen 'norsk standardtalemål' i denne samanhengen tenkjer eg på eit 'talt bokmål', basert på bøyingsverk, setningsoppbygning og ordforråd i moderat bokmål skriftspråk (med regionalt farga uttale).

Dette er former som er sjeldne i norske talemål, sjølv om dei er vanlege i skriftspråket bokmål.

Ole Reinert Berg-Olsen

– osing med ”spelemannspris”



Stine Kobbeltvedt – i samtale med ”Orbo”



Det er ein nokså sliten ung mann som møter meg på ”Peppes”. Ole Reinert Berg-Olsen, eller ORBO, som han kallar seg, har saman med bandet ”The Longshots” turnert Noreg rundt i snart 10 år. Forutan ei kort karriere som ”alt-

mogleg-mann” hos Tønjum, har 27-åringen levd av musikken. Etter at han som 8-åring fekk ymse gitarbøker av far sin, har han spelt gitar, og han visste tidleg at dette var den vegen han ville gå. ORBO & the Longshots har i løpet av dei siste fire åra gitt ut fire plater.



Siste plata beiter Masquerade.

I sommar kom den fjerde, "Masquerade", og sidan har det gått slag i slag med spelejobbar og promotering. Ole Reinert står for låtmaterialet, noko som vitnar om ein svært produktiv musikar.

Eg elsker dette livet!

"Korleis får du tid til å skriva nytt låtmateriale mellom plateinnspeling, livejobbar osv.?"

"Det er jo dette eg ønskjer å driva med og som eg elsker. Eg er så heldig å få ha musikken både som jobb og som hobby, og er veldig fokusert når eg set meg ned. Eg skriv aldri på hotellrom eller i turnébuss, men likar å sitta heime og jobbe. Eg blir inspirert av daglegdagse ting; til dømes inspirerte serien Seinfeldt meg mykje då den gjekk på tv. Dei fokuserer på saker og ting dei fleste eigentleg tenkjer på, men ikkje seier høgt, om det er til naboen eller kjærasten. Slike ting likar eg òg å skriva om", seier Ole.

Samarbeid med Kurt Nilsen

Dei tre første platene er alle spelt inn i USA. "Vi er stolte av at Orbo & the Longshots er det første norske bandet som spelte inn i Sun Studios i Nashville. Den siste CD'en vår "Masquerade" er derimot spelt inn på Hardangervidda, i Kurt Nilsen si noko omtalte gitarhytte. Vi spelte først i Kurt sin 30-års dag, og han likte det så godt at han inviterte oss til å spela inn i hans studio."

Saman med Eirik Grønner og Orbo sjølv har Kurt vore med på produksjonen av plata. "Kurt er ein svært kreativ og engasjert person, med mange innspel", seier Ole, som sjølv meiner at denne plata inneheld nokre av dei beste låtane han har skriva, og at dette truleg er den beste plata deira til no.

USA er best på plateinnspeling

På spørsmål om dei kjem til å velja Noreg eller USA for innspeling av neste plate, kjem imidlertid svaret kjapt: "USA, og mest sannsynleg L.A. Sjølv om vi er svært nøgde med lydbildet på "Masquerade", har sjølve innspelingsprosessen vore meir effektiv i USA. Der har vi gjerne bare hatt eit par-tre veker til innspeling av ei plate og då er det både naudsynt og bra å kunna slå av mobilen og stengja ute alt anna, og kun fokusera på musikken. I Noreg er det lettare å bli distraherert av ting utanfrå, som at bilen må på verkstad eller ubetalte reknningar."

Tiårsjubileum

Til neste år har Orbo & the Longshots 10-års jubileum, og planen er allereie klar:

"Vi har lyst til å spela inn både eit studioalbum og eit livealbum". Etter å ha turnert land og strand rundt i mange år har bandet opparbeidd seg eit solid rykte som eit forrykande liveband, og ynskjer å fanga noko av stemninga



Orbo takkar for spelmannsprisen i kategorien Blues.

frå konsertane på plate.

"På denne måten kan vi gje noko tilbake til alle dei som har følgt oss gjennom desse 10 åra", seier Orbo. Dei håper også på å kunna turnera meir utanlands etter kvart. "USA, Japan, Tyskland . . . det hadde vore kjekt", smiler 27-åringen.

Spelemannspris

Etter å ha mottatt spelemannsprisen i vår fekk ORBO & the Longshots m.a. avtale med eit av dei store plateselskapa i Noreg, SonyBMG

"Vi har vore vane med å ordna mykje av det praktiske sjølve, til dømes er dei tidlegare utgjevingane sjølvfinansierte. Sånn sett er det deilig å no ha eit større apparat rundt seg som kan hjelpa ein litt med dei oppgåvene som ikkje handlar om musikken, som for eksempel presse og å opptre på tv. Sjølv er eg ikkje så glad i denne delen av artistlivet. Eg vil berre spela, eg. Men eg ser sjølvsagt at det er viktig og ønskjer jo at flest mogeleg skal få høyra om oss."

Med Os som base

Då husleiga på leiligheita i Bergen steig, fekk Ole tilbod om å leiga eit hus i Os av far sin for ein billig penge. Det har han ikkje angra på.

"Når du er ute og spelar så mykje som vi er, er det deilig å koma heim til ro og fred på Os. Turnélivet er intenst, og eg får nok av uteliv og den slags når eg er på jobb."

Ole er bevisst på å nytta seg av dei lokale kreftene i Os, og mellom anna pressebilete og musikkvideoar er signert osingar.

"Vi har fått svært mykje god støtte her, og publikummet vårt i Os er trufaste konsertgjengarar", seier Ole. Til og med ordføraren er hyppig gjest på Orbo sine konsertar.

Sjølv om han eigentleg er bergensar, seier han at han no har budd i Os såpass mange år at han nærmast reknar seg sjølv som osing. Og når journalistar frå større aviser spør om dei er frå Bergen, er svaret:

"Nei, Orbo & the Longshots kjem frå Os".

Han tenkjer stundom på å flytta utanlands i ein periode, slik andre i same bransjen har gjort, men han innser at det kjem til å bli med tanken.

"Os er best", ler han.

Staten og vi

I sitt solkonge-slott
sat ein einevalds-drott
Han var sjefen for alle dei hine.
Om han samla seg hoff,
var det adeleg stoff,
han såg skilnad på ringe og fine.

Det gjekk hundrevis år
-folk fekk bytt sine kår-
mange små fekk seg plass mellom store.
Vi fekk fjelga oss litt,
ditt vart jamstelt med mitt.
Vi fekk løn etter det som vi gjorde.


Ludvig Fjortandemann,
lån meg øyra eit grann...
lat meg vita kven no som er staten!
Kva trur du, majestet,
har dei høveleg vit
-dei som no rører saman salaten?

Det var lett nok for deg
som med kongeleg steg
kunne halda alt folk under foten.
For så høgt stod vel du,
kunne venda og snu,
men var alltid på toppen av moten.

Det var lett nok å sjå
om det gale sku`gå
at alt botna i einast ein vanske:
Du var dukke på stas,
uansvarleg som bas,
du var syndebukk du , for dei franske.

Folkestyrets problem
vyrde creme de la creme
er at livet vårt vert som vi gjer det.
For ein god demokrat
er ein tusendels stat.
Han kan takka seg sjølv, slik eg ser det.

Bernt Kristiansen



Illustrasjon: Jan Haaland

Hundre år med nynorsk



Tekst: Åsmund Lien

Det var ikkje kravd av lærarane at dei skulde greida skrive- og reknekonsten, men dei fleste lærarane var likevel skriveføre og hadde ein grand kjennskap til rekning.”

Dette skriv Nils Tveit om dei fyrste lærarane i Os, kring 1750. Den obligatoriske skulen i Noreg vart innført i 1739, og då skulle borna læra å lesa, skriva og rekna. Lærarutdanning var det likevel smått med, og ofte var det ungdommar, gjerne nykonfirmerte, som tok på seg læreryrket. Mellom bygdefolket var det lenge lita forståing for at det skulle vera naudsynt med all denne læringa. Ein viktig motivasjon for å verta lærar var at dei slapp militærtjenesta. For at ikkje dei beste soldatemna skulle verta lærarar og såleis sleppa militærtjenesta, bad bispen i 1770 om at prostane berre måtte tilsetja ”vanføre, halte, krokryggede og ellers små og uanseelige personer” til lærarar. Lærarløna var heller ikkje slik at ho kunne lokka ungdommar til å verta lærarar, og så seint som kring 1820 måtte lærarane sjølve reisa kring i bygda og krevja inn det gardbrukarane skulle betala til løna deira.

No var det elles ikkje mange personar dette dreia seg om. I 1743 vart dei fyrste lærarane i Ous prestegjeld tilsette, ein i kvar kyrkjesokn, det vil seia ein i kvar av soknene Os, Fusa, Strandvik, Hållandsdalen og Samnanger. I 1819 vart dette talet utvida til 6. Os-sokna fekk då to lærarar, og sokna kunne delast i to skulekrinsar, austre og vestre. Så seint som 1850 var det berre 15 lærarar i heile prestegjeldet, men så var det også så som så med kunnskapen borna fekk. I 1770 var det 60 ungdommar som var innskrivne til konfirmasjon, og berre 30 av dei kunne lesa i bok. Og nær 60 år seinare, i 1828, var det berre 11 av 240 born som då gjekk på skule i Os sokn som lærde å skriva, og ingen av dei lærde å rekna. Lesekunsten var likevel då vorten vanleg.

Lærarane får utdanning

I 1860 vart skulen i Os delt i 12 skulekrinsar. Oskrinsen var delt i to, Lyssand og Moberg. Drange, Askvik og Indregardane var eigne krinsar, og elles var krinsinndelinga slik ho framleis er. Hegglandsdalen, og dei andre krinsane, kan såleis skriva saga si attende til 1860. Rundt 1870 vart det også bygd skulehus i Hegglandsdalen, og dermed var Hegglandsdalen skule etablert.

Som ein ser er ikkje skulen nokon svært gammal institusjon, i alle høve ikkje om me tenkjer på skulen slik han er i dag. Det tok også lang tid før sjølve skulestellet fekk særleg oppslutnad mellom folk – kva skulle no ungane med all denne læringa – og noka lærarutdanning var det heller ikkje å snakka om fyrste tida. Fyrste lærarskule i landet kom i 1826, og åtte år seinare vart det fastsett at det skulle vera ein lærarskule i kvart bispedøme, helst



lagt til ei bygd. Dette fekk svært mykje å seia, både for bygdene og for lærarstanden. For landsungdom som ville ta høgare utdanning, vart dermed lærarutdanninga det mest naturlege, og landsungdom var lenge i stort fleirtal mellom lærarstudentane i landet.

Språket i skulen

Fram til kring 1850 var det ikkje spørsmål om språk, korkje i skulen eller i andre samanhengar. Det gamle norske språket var gått or bruk for fleire hundre år sidan. I Noreg brukte ein same språket som i Danmark, og det var sjølv sagt dansk. Få stilte spørsmål ved det. Midt på 1800-talet hadde to ting skjedd: Ivar Aasen hadde gjeve ut fyrste utgåva av det som seinare vart *Norsk Grammatik* og *Norsk Ordbog*, og den vesle boka *Prøver af Landsmaalet*. og såleis vist at det fanst eit norsk alternativ til det danske språket i Noreg. Dessutan hadde me etterkvart fått ein lærarstand som hadde utdanning, som kom frå bygdene og kjende bygdemåla, og som såg dei store utfordringane det var å læra norske born å lesa og skriva dansk. Frå tidleg på 1850-talet og frametter kom det jamt fråsegner frå lærarmøte kringom i landet som peika på kva hindring det danske språket var når norske born skulle læra det og bruka det for å tileigna seg kunnskap. ”Forsamlingen erkjendte, at vort Bogsprogs Unorskhed lægger en stor Hindring i Veien for Oplysningens Fremme blandt Menigmand”, heitte det mellom anna i ei fråsegn frå lærarmøte for Toten og Hedmark i 1853. Liknande fråsegner kom det mange stader.

Medan lærarane tidlegare ikkje fekk mykje ære for arbeidet dei utførte, var dei no vortne ei stor kraft i opplysningsarbeidet, og i det heile i utviklinga av det moderne demokratiet. Ikkje

minst i striden for å få det norske målet teke i bruk i skulen var lærarane dei som gjekk i brodden. I 1885 vedtok Stortinget å jamstella "det norske Folkesprog" med "vort almindelige Skrive- og Bogsprog". Frå 1892 vart det for fyrste gong opna for at landsmål, som det den gongen vart kalla, kunne takast i bruk i skulen. Fram til hundreårsskiftet hadde kring 250 skulekrinsar i landet gått over til norsk som opplæringsmål, og fram til 1905 følgde 170 krinsar etter. Den fyrste store bylgja med målbyte kom i åra frå 1905 til 1909, då 700 krinsar bytte mål. Dette store spranget heng saman med to ting: Den store nasjonale reisinga som følgde med unionsoppløysinga, og den nye rettskrivinga i riksmålet i 1907, som gjorde at dei skulane som framleis hadde riksmål måtte byta alle lærebøkene sine. Med den stemninga som då rådde, var det mange som meinte dei like godt kunne byta mål fyrst som sist.

Hegglandsdalen fyrst ute

I denne store bylgja kom også det fyrste målbyttet i Os, og utviklinga her følgde elles òg det same mønsteret som elles i landet. Lærarane var drivkrafta i arbeidet med å få landsmålet, som seinare vart heitande nynorsk, inn i skulen. I Søre Øyane var Johan Austbø lærar. I 1908 møtte han i skulestyret og innleidde til ordskifte om målspørsmålet, og han tok til orde for å innføra nynorsk i



Olav Skorpen 1906.

skulen. Då hadde nok spørsmålet alt vore oppe i Hegglandsdalen, for Austbø viser til ei fråsegn derfrå. Året etter kom det ein søknad om å få innføra nynorsk i Søre Øyane, men skulestyret sa nei. I Hegglandsdalen hadde Olav Skorpen vorte lærar i 1905. Han tok straks til å bruka nynorsk i skulen utan at det var gjort noko vedtak. Skorpen arbeidde òg gjennom ungdomslaget, der han heldt "målskeid" og lærde ungdommane å skriva nynorsk. Mykje av det som er skriva i "Dølen", det handskrivne lagsbladet til ungdomslaget, er frå den tid skriva på nynorsk. Det må dei ha lært seg i ungdomslaget, eller på eiga hand.

I august 1909 gjorde eit krinsmøte i Hegglandsdalen dette vedtaket: "Den skriftlige undervisning ønskes fra høsten i Hegglandsdalen at blive givet paa landsmaal". Stemninga i Hegglandsdalen var heilt klår, og det visste nok skulestyret. Trass i det negative vedtaket som galdt Søre Øyane tidlegare på året, godtok no skulestyret vedtaket i Hegglandsdalen. Overtilsynet (skuledirektøren) kravde derimot nytt møte på formelt grunnlag: Olav Skorpen hadde nemleg styrt krinsmøtet i staden for krinsformannen, etter at han fyrst hadde halde eit agitasjonsforedrag for nynorsk!

Det ser ikkje ut til at det har vore noko slikt møte, og dermed hadde Hegglandsdalen, som fyrste krinsen i Os, innført nynorsk i skulen.

Kjelder:

Nils Tveit: Os saga, bd. I, 1932

Almenningen og Lien: Striden for nynorsk bruksmål, Det norske samlaget 1978

Lien: Målbyte i skulane i Os, artikkel i boka Grunnskolen i Noreg 250 år, skuledirektøren i Hordaland 1989.



Elevane på Hegglandsdalen skule kring 1955

Raudt håp i det kvite



Snøen dalte ned i store flak, det var nesten meir snø enn luft kring han, der han gjekk. Det knirka muntert for kvart steg han tok, og han fryda seg innvendig over lyden. Han kunne nesten ikkje hugse siste gongen han hadde vore ute for å nyte snøen slik som dette, så lenge sidan var det.

Det hadde vore eit travelt år, men endeleg var desember her, med snøen og magien han hadde lengta etter. Han løfta hovudet opp frå alt det kvite og såg seg skikkeleg rundt som for fyrste gong. Overalt hasta folk hit og dit, med armane fulle av posar og vesker, lydane som omgav han, var ei salig blanding av høge røyster, telefonar som ringte og bilar som tuta. Det verka som om han var den einaste som enste snøen som dalte ned rundt dei. Nokon dunka hardt til han bakfrå, ein augneblink fall han faretrugande framover og han kjempa for å halde balansen.

”Sjå deg for då, gamlefar!”

og ei brun jakke fór forbi. Han stod og såg jakka runde hjørnet, medan han undra seg over korleis verda var blitt. Det var akkurat som om tida

hadde gått i frå han, som om alt anna var ei tåke som spann av garde i ein veldig fart. Kor var det blitt av den gode gamle desemberstemninga? Han sukka tungt før han fortsette bortover fortauet.

Ho hadde lengta slik etter dette! Ho trekte av seg hanskane og stappa dei i kåpelomma, heldt hendene ut med handflatene strake mot himmelen og tok i mot flaka som dalte ned. Ho enste ikkje menneska som irritert brøytt seg forbi, enste heller ikkje tutinga frå bilene eller den evige pipinga frå dei tallause mobiltelefonane som fór forbi ho. Alt ho klara å tenke på, var det vedunderlege kvite som dalte ned utan stopp. Ho fylte lungene med den klare lufta som for ein gongs skuld var fri for smog og eksos, kjende at smilet vaks seg større på kinna og lo frydefullt for seg sjølv. Sjølv om snøen var kald, var det akkurat som han varma likevel. Den grå byen kring henne vart langsamt kvit og mjuk, nesten rein, og snøen viste ikkje noko teikn på å

gje seg med det første. Ho stirde ned på bakken, såg den mørke asfalten kjempe ein nyttelaus kamp mot det kvite, og kjende gleda som dansa i magen. Endeleg vinter, endeleg jul, endeleg snø!

Han kjende at alt det glade og lette forsvann, og han stod att aleine, heilt tom. Han gjekk langsamt, såg ikkje lenger det kvite. Fortauet stoppa, og han enste det knapt. Snøen hadde viska ut den mørke vegen, dei kvite stripene i gangfeltet var knapt synlege. Han hadde teke to steg ut i vegen då ein kvinande lyd skar i øyro, og noko blått fór forbi han, knapt nokre centimeter frå den fremste foten hans. Han kjende hjartet hoppe i brystet, og han svaia der han stod. Han gløynde å puste eit par sekund, og ein augneblink spann verda rundt han. Dei sinte røystene forsvann forbi, han fekk så vidt med seg den som var nærmast,

”sprade ut i vegen på den måten, ber jo nærmast om å bli påkøyrd!”

Han lukka øyro og sperra røystene ute, han kjende seg med eit så trøytt... Han gjekk over vegen etter å ha forsikra seg om at det ikkje kom fleire bilar, så seig han ned på ein benk som stod der, og det kjendes som om lufta gjekk ut av han i det han sette seg. Hadde desember svikta han i år? Kor var det blitt av alt det varme, glade som vanlegvis fylte alle frå topp til tå på denne tida? Han rista sakte på hovudet, kjente at kjensla av å vera trist ville ta over, og let ho gjere det..

Ho gjekk lett nedover fortauet, dansa nesten. Latteren bobla i halsen, ho hadde lyst til å syngje. Dei små nevane fiska opp ei pepperkake frå lomma, fingrane strauk langsmed hjarteforma, og ho løfte hovudet for å smile til verda rundt seg. Ikkje at nokon la merke til det då, alle berre hasta forbi i eit travel tempo. Ho syntest synd på dei, som ikkje tok seg tid til å ta i mot jula slik det burde gjerast. Ho såg ikkje den gamle mannen på benken i det ho gjekk forbi.

Han stirde på snøen framfor seg, hadde tankane langt borte, då noko raudt plutseleg dalte ned framfor han. Han blunka, trudde først det var

noko gale med augo, det hadde ikkje vore noko rart etter det med bilen. Men det raude var der framleis, og det gjekk opp for han at det var ein hanske som låg der. Blikket søkte opp, og fall på den eine som stakk seg ut i i den grå mengda. Ei raud jakke dansa nedover fortauet, på veg bort. Han plukka opp den vesle hansken og reiste seg frå benken.

”Hei, du! Er denne din?”

Den raude jakka snudde seg, og jenta i ho såg spørjande på han. Blikket hennar fall på hansken i den utstrekta handa, og ho tok til å le. Ho var ikkje store jenta. I kinna hennar lyste raude roser, og smilet hennar dekte nesten heile det vesle andletet.

”Ja, det er visst min. Tusen takk for at du fann han!”

Røysta hennar var varm og lattermild, han måtte trekkje på smilebandet sjølv. ”Berre hyggjeleg”. Ho tok i mot hansken, smilte til han før ho trekte noko opp av lomma på den raude kåpa.

”Vil du ha eit, som takk for hjelpa?”

I handa hadde ho eit pepperkakehjarte.

”Ja takk, gjerne det”.

Han tok det frå den utstrakte handa hennar, ho smilte opp til han enda ein gong, granska andletet hans eit kort sekund.

”God jul då”, smilte ho.

Så snudde ho seg, og den raude jakka dansa inn mellom dei grå og brune. Han stirde etter ho, til det raude forsvann, så fall blikket på det vesla hjartet i neven hans. Han kjende ein varme i magen, og kunne ikkje la vere å smile for seg sjølv. Kanskje var ikkje alt så ille likevel, kanskje hadde ikkje desember svikta i år heller? Han lukka fingrane rundt det vesle hjartet og let blikket vandre opp gjennom snøen til alle dei kvite fnugga vart eitt..

Ho gjekk vidare, men tankane var ikkje lenger i snøen. Ho tenkte på den gamle mannen. Tenkte på dei smilande augo bak dei runde brilleglasa, og på det store, kvite skjegget... Kanskje...Nei, ho trudde ikkje det...Men kanskje likevel? Ho smilte for seg sjølv medan snøen heldt fram med å dale ned rundt ho.



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

Os-elvarar i sølv og gull

Fin g ve for Osingar.
Vert laga som pin,
smykke, slipsn l og
mansjettknapp.

S lv

Liten pin 175.-
Stor pin 275.-
Lite smykke 175.-
Slipsn l 450.-
Mansjett-
knappar p.p 695.-



Gull

Liten pin 950.-
Stor pin 1955.-
Lite smykke 990.-



Liten gull  s lver
P  sølv slipsn l
som p  biletet  verst
Kr. 1290.-

Torggata 6 i Os sentrum 56 300484 - Amfisenteret Fl ten 56 300277

OS B ATHOTELL

Innelagring av b ter
opp til 22 fot

Tlf. 411 42 573

www.osbaathotell.no
Terje Lunde

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYR  A/S

POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10
E-POST: os@travelnet.no

www.verden.no

A S ELEN M BLER

5212 S FTELAND
TLF: 56 30 24 00

Din totalleverand r av finansielle tenester

Nordea

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110



DnB NOR Os

Din lokale bank - banken som kjenner deg

www.dnbnor.no

DnB NOR



**Varme- & Bad-butikken din på Os
Engevik Rørleggerservice.**

Landboden, 5200 OS

Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91

Mobil 90 78 68 98



Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggjarfaget, som:

Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg

Leverer og installerer varmempumper

Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg

Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg

Servicearbeid på tekniske anlegg

Tv-inspeksjon av røyr og kanaler

Lokalisering av røyr og kablar

Utleige av minigravar



SAMDAL AS

vvs - Inspeksjonstjeneste

POSTBOKS 226, 5201 OS

TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50



APOTEK1 OS

Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider:

kvardagar frå 09.00 til 18.00

laurdag frå 09.00 til 15.00.

Sparing gir tryggleik!

Finansuroa det siste året viser at tradisjonell sparing gir tryggleik. Samtidig opplever vi at fleire ser sitt snitt til å gjere gode investeringar. Rådgivarane våre har marknadsinnsikt og kunnskap som kan gjere deg tryggare når du skal velje.

www.spv.no/sparing – tlf 05555

 SparebankenVest

Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.



5218 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Os Folkedanslag
Skipa 1890



Tlf. 922 07 884

Vi støttar
arbeidet til
Os Mållag

*Støtt våre
annonsører.
Dei støtter oss.*

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

**Vi støttar det lokale
kulturmiljøet!**

Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur
og data, papir og rekvisita.
Vi har òg mange godbitar frå diitt lokale miljø!

Osøyro;libris

5200 Os
Tlf: 56 30 04 30 | osoyro@libris.no
www.libris.no/osoyro

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret Os Mållag
Marie Hauge (leiar)
Eldbjørg Kræmmer
Mari Lyssand
Nils Olav Næss
Ole Jacob Abraham
Målfrid Tveit Vaage

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.


FARGERIKE[®]
Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -
for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 44 90 - 5201 OS

Du er åleine, menneske, om lukka di

Tekst: Bernt Kristiansen
Foto: Hildegun Norstrønen

*Du er åleine, menneske, om lukka di.
Du har fått tida meir enn til å sukka i.
Du skulle gløyma å telja dine vengjeslag,
men fritt som fuglen heidra din dag.*

*Det kan vel henda så mykje under Borgafjell,
ein liten spurv faldar veng, og han fell.
Og den som flaug finn sin fred der under gråe berg,
men aldri sørgjest over ein dverg.*

*Du er åleine, menneske, om lukka di.
Du har fått tida meir enn til å sukka i.
Du skulle gløyma å telja dine vengjeslag,
men fritt som fuglen heidra din dag.*

*Det kan vel henda så mykje utmed Bjørnafjord,
det kan vel henda kvar stad på vår jord.
Ein liten spire veks opp og vert eit fagert tre,
men verda undrast ikkje for det.*

